



## Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Vår dato: 29.05.2020  
Dykkar dato: 04.05.2020  
Vår ref: 2020/7468  
Dykkar ref: 20/7836 - 20/24447

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

### **Uttale til søknad om etablering av jordtipp / planeringsfelt - Alver - 143/1 – Håland.**

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.05.2020. Saka gjeld søknad om etablering av 2 jordtippar/planeringsfelt på eigedomen gnr. 143 bnr. 1.

Felt 1 er klassifisert som fulldyrka jord, men er svært bratt og tungdrive. Felt 2 er klassifisert som overflatedyrka, arealet er her også tungdrive. Føremålet med tiltaket er å oppgradera begge felt til lettbrukt fulldyrka jord, i tråd med krava i AR5. Oppgraderinga skal skje gjennom planering og terrenghøving med tilkøyrd reine jord og steinmassar.

I felt 1 er det opplyst at fyllingshøgda på det meste vert i overkant av 10 meter og at totalvolumet vil vera på rundt 30-40 000 kubikkmeter. I felt 2 er det opplyst at fyllingshøgda i gjennomsnitt vil vera 1,5- 2 meter og totalvolumet rundt 20 000 kubikkmeter.

Anleggsstart er oppgitt til vår 2020 då ein vil starta med etablering av tippstadar og flomvollar. Tilgangen til massar er ikkje avklart. Anleggsperioden er oppgitt til å vera 2-3 år.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen er definert som LNF-føremål. Felta ligg innanfor omsynssoner for landbruk H510\_2, og kulturmiljø, H570\_1 , som gjeld indre farleia. Felt 1 som ligg lengst sør ligg også innanfor omsynssone friluftliv, H530\_1.

Kommunen har vurdert at tiltaka er i samsvar med arealformålet og difor ikkje treng dispensasjon. Kommunen ber om at det vert vurdert om tiltaket krev særskild løyve etter jordlova og/eller forureiningslova med forskrifter.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

#### Forureining

E-postadresse: <a href="mailto:fmlpost@fylkesmannen.no">fmlpost@fylkesmannen.no</a>	Postadresse: Njøsavegen 2 6863 Leikanger	Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger Statens hus, Kaigaten 9, Bergen Fjellvegen 11, Førde	Telefon: 57 64 30 00 <a href="http://www.fylkesmannen.no/vl">www.fylkesmannen.no/vl</a>
Sikker melding: <a href="http://www.fylkesmannen.no/melding">www.fylkesmannen.no/melding</a>			Org.nr. 974 760 665



Det er opplyst at formålet med utfyllinga er å gjere bratt eller kupert dyrkbart areal skikka for maskinell jordbruksdrift. Slik disponering av overskotsmassar er i utgangspunktet rekna som gjenvinning av avfall og ikkje deponering. Om massane kjem frå fleire leverandørar eller prosjekt vil det vere større behov for mottakskontroll. Det må i slike tilfelle vurderast om tiltaket også må ha løyve til drift av avfallsanlegg etter forureiningslova. Den ansvarlege for drifta må avklare med Fylkesmannen om tiltaket krev løyve etter avfallsregelverket.

Dersom jordtippene vert definert som bakkeplanering, skal kommunen handsame saka etter forureiningsforskrifta kapittel 4 om planeringsfelt. Vi rår i så fall til at kommunen stiller krav om at det berre kan brukast ikkje-forureina jord og stein i tråd med faktaark M-1243-2018, frå eitt prosjekt/leverandør, driftstid i tre år, etablering av mottakskontroll og hindre tilkomst, og at det skal etablerast tiltak som flaumvollar og sedimenteringsbasseng for å hindre partikkelavrenning til vassdrag, dimensjonert for maksimal nedbør.

#### Løyve etter jordlova

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen vurderer om det er naudsynt med eit løyve om midlertidig omdisponering etter jordlova. Dette er ei vurdering som kommunen må gjere sjølv.

#### Plan og bygningslova

Det er vurdert at tiltaket er i samsvar med LNF-formålet. Fylkesmannen er samd med kommunen i at tiltaket vil vere i samsvar med LNF-formålet når tiltaket er ferdig utført. Før dette vil området vere eit anleggsområde som ikkje er i samsvar med LNF-formålet. Det er anslått ein anleggsperiode på 2-3 år. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om dette er eit realistisk estimat når det ikkje er klart kor massane skal kome ifrå. I tillegg tar det fleire år etter anleggsarbeidet er ferdig før jorda kan nyttast som landbruksmark. På bakgrunn av dette meiner Fylkesmannen at tiltaket som minimum må ha ei midlertidig dispensasjon frå arealformålet i kommunedelplanen.

I denne saka vil vi rá kommunen til å krevje ein reguleringsplan, fordi vi meiner at tiltaket kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn. Fylkesmannen viser til at det er snakk om store mengder massar som skal fraktast frå ukjent stad og opp til tiltaksområdet. Både støy, støv og trafikktryggleik er sentrale tema som må vurderast. Område ligg innafor fleire omsynssoner og det må vurderast korleis dei aktuelle omsyna vert råka av tiltaket. Korleis kulturlandskapet vert råka av endringar i terrenget er eit døme på eit sentralt tema. Det er også viktig å få sikra at området vert opparbeida til landbruksareal med fulldyrka, jord slik intensjonen er. Vi opplever ikkje at dette er tilstrekkeleg sikra i dei dokumenta vi har motteke.

Fylkesmannen ber om å få oversendt vedtak i saka.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Side: 3/3